

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Fastelavnssøndag - 3. mars 2019

Preiketekst: Luk 18, 31-34

Lesetekst I: Jes 52,13-15

Lesetekst II: 1 Tim 1,1-6a

## Topptur(en) med Jesus

### Fastetida

varer i 40 dager fra askeonsdag til og med påske. Talet 40 er ikkje ukjent i Bibelen. Israelsfolket gjekk i 40 år frå Egypt til Kaanans land. Moses var førti år i faraos hus, før han flykta og var hjå presten Jetro i Midjan i like mange år. Ei dagsreise var antagelig ca 40 km. Jesus vart ført ut i øydemarka, etter han var døypt i Jordan og fasta der i 40 dagar. Djevelen kom og freista han. Det kunne trekkast fram fleire stader der 40 talet er sitert i Bibelen, men vi stoggar med dette.

Det var mange på reise til Jerusalem i fastetida. Påska stod for døra, og det var mange som også på Jesu tid ville feira den i «Staden». Og det er eit skjeldan flott syn å sjå Jerusalem. Ca 800 meter over havet og frå Jordandalen og opp til byen kunne det vera ca. 1200 meter stigning. I Loven var berre ein dag i året fastsett til faste, på den store forsoningsdagen. 3 Mos 16,29. Etter som tida gjekk, vart det lagt til fleire tradisjonar på når ein skulle/kunne faste. Farisearen i templet fasta to dagar i uka. Luk 18,12.

### Turen

Jesus hadde nok kjennskap til Jerusalem. 8 dager gamal var første gang han var der, og neste gang som 12 åring i Templet. Han besøkte farshuset, og om han var med kvart år, før han var 12 år, kan vera truleg. Luk 2,41-42. Denne turen skulle bli den siste, ein verkeleg topptur, for Jesus. Han tek sine læresveinar med seg, denne turen var for dei 12 og Jesus. Han inviterer dei med ordet «sjå». Det ordet femner om fleire ordtydingar enn dette eine «sjå»: Sansse, oppfatta, vite, sjå på, overveie, studere. Kan det være at læresveinane enno var for oppteken av at Messias skulle vera jødernes jordiske konge? Men det stemmer ikkje heilt med Peters vedkjenning: «du er Messias, den levande Guds son». Målsetjinga for turen var enno skjult for dei. Det skulle openberrast i si tid, men ikkje då Jesus tala om si siste reise og målet for denne turen. Jesus gjer kjent at alt som er skrevet om han, skal oppfyllest.

### Skriftene

Hironymus har sagt: «Å kjenne skriftene er å kjenne Kristus, å forakte skriftene er å forakte Kristus». Det minner oss om kor viktig det er å kjenna skriftene, og bera Guds ord fram for både jøde og heidningar. Og på vegen møter Jesus ein blind, og gjer han frisk. Eit under som streka under at vi treng å kjenna/sjå skriftene. Herrens lidande tenar er på veg på sin topptur. Jes 52,13-15. (Første lesetekst denne dagen.) Sakkeusfortellinga er ein tekst som ofte er bruka, og har nærleik til vår tekst. Sakkeus ynskja å bli fri sine synder, og så får han besøk av syndesonaren, samvitet til Sakkeus er i full gang med å seia frå kva han vil gjera, men Jesus svarar: «I dag er frelse komen til dette huset.» Fordi Kristus var der!

## **Toppen**

Nå er det at det største i verdshistoria skal skje. Kristus skal lida, profetiane oppfyllest, han skal dø, og stå opp på tredje dagen. Han er løysepengen for alle! 1 Tim 2,1-6a. For ein tur dette er! Og då kan vi visa til Jesajaboka, kap. 53 og 54. I Salmane er og mange profetiar om Messias: Salme 110,1. og Salme 22.

Denne søndagen viser oss til toppen av evangeliet: Den levande Kristus er vår frelsar!

Salmeforslag: Norsk Salmebok 141 og 192.

## **Per Fedje**

Tidlegare sekretær i Trøndelag Søndagsskolekrets og Finnmark. Ft. medlem av kretsstyret i Trøndelag DNI.

[pfedje@hotmail.com](mailto:pfedje@hotmail.com)